

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Vest Ryden

Tilleggsspørsmålnr. Skav

Herad: Kvinnedal

Emne:

Bygdelag:

Oppskr. av: Lars P. Pelli

Gard:

(adresse): Kvinnedal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. For ca. 30 år sidan høla dei om eng-
høy, ruskhøy og heikhøy. Til ruskhøy
rekna dei og blåbærres som dei slo tidleg
på sommern for jonsok. For heikhøy var det
mange slag, skyrgras var det beste,
ligras, romegras og myrshøy var dårlegst.
Romegras fekk kristent beinverk av.

2. Det var mange som nytta eit malmål
skav, eit malmål høy og eit malmål
høybrom (kvist av bjørkvis).

3. Verbet skava bøyen ein: å skava
skjov-skov - vil skava.

4. Skav var eit regulært forslag, dei
fleste nytta det kvar vinter.

5. Til skav nytta dei helst borken
av raun og selje, men dei bruka
og eik og asp. Raun var det gjevaste
heslag, men dei nytta aldri borken
til unge furutre. Alm og lind er
mest ikkje kjend i bygda.

6. Þhar er borkur av dei nemnde hestlag,
skjwla er dei skavne stengum.

7. Vian velta, selja svelta,
rauna gjó og eiga fö, sa dei
gamla.

8. Berre kynu fekk skav. Ein tok
til á skava sásmant ein fekk snö-
foie sa ein kunnu fá heim
"skov-ve". Þhavt fekk dei reint,
utan blanding med anna for.

9. Kynu mjólka betra nár dei fekk
skav. Det gav farge på smöret, utan
skav blei smöret hvilt og "móli".
Mange skulle på utskalku hóy
heila venteren. Ein skov ikkje
hestlag som gav beisk smag på mjólka
t. d. hegg.

10. Ein drog til stogs eins árend for á
henta "skov-ved" og gjekk ofte over
5 km. og drog veden heim på hjelke.
Hornstaur og hagestolpar skov ein om
væri, nár det blei sa mildt at ein
kunne stå ute og skava. Det skavt var
ikkje sa godt som ikkje blei blanda
med "bróm" (sua kvistar.)

11. Har ikkje høyt namn på á henta
heim skov-veden, verbet marku er
ikkje kjend. Veden ein henta
heim, kalla ein "skov-ve"

II

15 Dei fleste sat i stova og skov, serleg dei som hadde ein gamal far til å skava. Andre sat i fjøset eller i skålen.

16 Dei nytta skar-ljå til å skava med. Det var ein smal ljå som ikkje lenger kunne gjerast teneste. Dei slo av "kystet" og sveipte byfillu kring sine ender til skaft.

17 og 18 Det var same som sat med kolekniven og skov, men dei hadde ikkje lært kunsten med skar-ljåen.

Dei som kunne skava, hadde ein staur frå golvet og oppunder bylken i taket. Den kalla dei skavstauren. Når dei var ferdige med skavings, la dei skavstauren opp på "ognsrelleg" der lag han til neste dag. Dei batt ei fjell i enden på stauren, for ikkje å slita så mykje på bylken i taket, men i dei fleste stovene var det merke etter skavstauren.

19. Dei sat på ein krakk eller stol når dei skov, skarljåen heldt dei i høgre handa og stranglen i venstre. Ljå heldt dei stille mot skavstauren og drog kjeppen at og fram. Kjeppen hogg dei ca 30 tommer, flisene var ca 8 tommer lange, og når kjeppen var halvskoren snudde dei han i neven og skov andre enden.

Sjå 11.
R.

20 Vedin ein skov kalla dei skangle, og
når borken var skaven av kalla dei
han skjevel.

21 Gjölve borken kalla dei skav og dei
små borkbetane skav-blokker.

22 Dei skov både lunn og fjukke kjeppar.
Dei kunne kvistene brant dei av i små
betar og kasta i skavhøyen. Det kaldes
å brøma

23 Dei skavne kjeppane kalle dei skjevla,
ein skjevel-skjevelen-skjevla-skjevlan-
utan e i flertal. Dei var dobbel så lange
som vanleg brennved.

24 Skavel skal vere lunt og fint, ein
skal skava litt av hurt og, den som
var flink til å skava, kunne få
brotent til å eta kvar skavblokk.

25. Den avskavne veden sette ein opp i lag.
Den stod og lurka om summen, den skulle
ein ha til å noia opp i omnen med til
venturen. For ca 50 år sidan var det få som
hadde lunn ved. Dei høgg til smås og brann
rå ved. Då var det godt å ha lunn
skjevla å bende opp med. Dei nytta
og skjevlane under bakstikkela til å noia
i kova. Skjevlane gav for sterk varme,
dei måtte bruke brennetorv.

26 Det er 30-40 år sidan dei fleste slakta
å nytta skav til for. Ein og annan heibonde
han skave like til det siste, men nå er det
få heibonder att. Gardane ligg avfolke på heim.

Sjå 10. NR
- 19
- 22